

---

**Fra:** Haakon Aase <haa-aase@online.no>  
**Sendt:** tirsdag 25. juni 2019 22.36  
**Til:** Hanne Marie Evensen; Arne Mjåtveit; 'Arnt Brakstad'; Sølvi Knudsen; Eirik Bouwer Utne; Bjørnar Norvald Langeland; Eli Hillsersøy; Haakon Aase; Helene Olli Sollid; Kjersti Langenes Bøen; Marie Morken; Åse Grønsnes; Åsmund Aase Fluge  
**Emne:** Elias Mjåtveit-huset - kva skjer?

Hei!

Eg viser til møte tidlegare i månaden om Elias-huset, eit møte eg dessverre ikkje fekk høve til å vera med på grunna oppfølging på sjukehus. Men eg har lese referatet som er sendt og også fått hovudtrekka referert frå m.a. Marie Morken.

Som vi alle veit, er det eit par ledd som er vesentleg for framdrifta vidare. Det er følgjande:

1. Dokumentasjon av bygningen, det omfattar m.a. nøyaktig oppmåling og utarbeiding av teikningsmateriale,
2. Ei meir utførleg tilstandsvurdering som meir spesifikt skisserer kva som kan brukast opp att og kva som må skiftast ut, og ein tiltaksplan med kostnadsoverslag

Som de også veit, har Meland Sogelag og Meland Mållag støtta seg på firmaet Gamle3Hus i dette arbeidet. Dei har også kalkulert kostnadene ved desse to gjeremåla. Tett opp i ferietid og eit særdeles krevjande program har det ikkje vore opplagt at Gamle 3Hus kunne vera i stand til å frigjera ressursar til dette arbeidet på kort varsel.

Vi er derfor svært glade for å kunna melda at dei har sett av ein av sine arkitektar til arbeidet med oppgåve 1. Han starta faktisk arbeidet i går, 24.06.19. Når det gjeld oppgåve 2., har vi fått forsikring om at dei har den på planen, men vil ikkje kunna tidfesta oppstart før etter ferien.

Vi er også glade for at det har vore mogleg å mobilisera dugnadsfolk – også det på kort varsel før ferien, og under kyndig leiing – til vera med å ta ned tilbygget mot nordvest, det som av alle vert rekna som totalskadd. Dette vil bli utført førstkomande helg, dvs. 30.06.19. Vi reknar med å få teke ned alt treverket og berga takstein og anna tilfang som måtte vera brukande. Alt som skal kasserast, vil bli frakta til gjenbruksstasjonen så snart dette let seg gjera, dvs. det er planlagt utført i den påfylgjande veka.

Når det gjeld heile det store prosjektet – å berga Elias-huset – er det sjølvsagt også fleire viktige ledd, m.a. ei fagleg forsvarleg og trygg demontering av bygningen, eit opplegg for behandling mot skadedyr og etablering av ein lagerplass.

Beste helsing  
Haakon Aase  
For Meland Sogelag og Meland Mållag